

# EIDFJORD SENTERPARTI

## Valprogram 2023-2027



**Senterpartiet**  
Eidfjord



## Eidfjord – Ein god plass å bu

Senterpartiet sitt verdigrunnlag handlar om å byggja samfunnet nedanfrå. Gjennom lokalt folkestyre, desentralisering av makt, kapital og busetjing, vil me ta heile landet i bruk.

Eidfjord er ein god bukommune. Tenestene som innbyggjarane nyter held høg kvalitet. Me har fleksible SFO-ordningar, gratis kulturskule, varm skulemat, reduserte barnehage- og SFO prisar, og ny bygdaheim. Me vil byggja vidare på denne suksessen, og støtta opp om bulysta og gleda eidfjordingane har.


Me ynskjer å tilretteleggja for auka bulyst. Dette skal me få til gjennom ein aktiv bustadpolitikk og gjennom gode fleksible tenester, der eksisterande og kommande næringsaktivitet er ein del av løysinga. Slik skal me og sikre arbeid til innbyggjarane. Omsyn til natur og utvikling skal gå hand i hand. Kommunen skal ha ein proaktiv arbeidsgivarpolitikk, og me skal jobba med strategiar for rekruttering og eigenrekruttering av kompetent arbeidskraft. Vidare vil me jobba for å få fart i bustadmarknaden gjennom tilretteleggjing av nye tomter.

### Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Stimulera til auka busetnad og sirkulasjon i bustadmassen
- Leggja ein plan og starta på arbeidet med å fornya Læg Reid barne- og ungdomskule/oppvekstområde
- Vera lagspelar for næring
- Ivareta dei lokale rettane i tilknytning Hardangervidda
- Eidfjord skal vera ein plass det både er godt å bu og godt å besøka

Dette er hovudpunkt som kommunestyret i Eidfjord rår over. Utover dette vil me sjølvstøtt halda fram med å leggja press på å få gjennomført:

- Samanhengande gang- og sykkelveg til Øvre Eidfjord
- Hardangerviddatunellane, vintersikker Rv7
- Riksveg 13 og utfordringane for beredskap og turisme
- Ny ambulansetastasjon i Eidfjord



## Nærings- og bustadutvikling

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Satsa på ny næring i Simadal
- Tilsetja næringssjef
- Næringsutvikling som tek omsyn til samspelet mellom menneske og natur
- Gå igjennom dei kommunale tilskota for å fremja bulyst og heilårsarbeidsplassar.

Arbeid og det private næringslivet er grunnlaget for samfunnet vårt. Difor er det viktig at me spelar på lag med dei næringsdrivande. Mange av utfordringane våre finn me løysningar på i samspel med andre aktørar, og slik både kan og bør kommunen bidra i utvikling. I heile kommunen er det viktig at ein legg til rette for å etablera og utvikla lokale bedrifter og arbeidsplassar.

Eidfjord Senterparti ynskjer å leggje til rette for ei sentrumsutvikling som gjer det mogleg å vidareutvikla og skapa nye tilbod og tenester. Me meiner det er særst viktig at me har eit livskraftig sentrum som skapar bulyst heile året.

I dag er det stor rift om bustadar i Eidfjord. Me meiner at måten me skal få fleire inn på bustadmarknaden er gjennom meir bygging. Kommunen vil her gjennom samarbeid med grunneigarar og entreprenørar kunne bidra i utviklinga av bustadfelt og tilretteleggja strøtomter i kommunen. Her er me positiv til både einebustadar, fleirmannsbustadar og leilegheitsbygg.

Ny næring basert på det grøne skiftet vil me arbeida spesielt for i Simadal. Me vil arbeida aktivt for å få på plass ny næring som har behov for våre fortinn; tilgang til areal, sjø og straum.

## Turisme

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Aktiv styring av cruisenæringa gjennom cruisemanualen
- Støtta opp om initiativ som aukar lønsemda basert på berekraftig utvikling
- Vidareutvikla Øvre Eidfjord og Sysendalen for å spreie turismen i kommunen
- Leggja til rette for meir næring i samband med fullføring av Nasjonal Turistveg ved Vøringsfossen
- Støtta opp om initiativ for heilårsturisme.
- Aktivt fylgja opp og syta for at Eidfjord og Hardanger blir eit tilgjengeleg reisemål t.d. gjennom BookHardanger og Visit Hardanger

I komande periode vil Eidfjord Senterparti arbeida for å auka verdiskapinga for kvar besøkjande innanfor berekraftige rammer. Dette vil me gjera gjennom det kommunale verkemiddelapparatet, og å støtta opp om private initiativ som satsar på å få opp lønsemda i næringa.

Eidfjord Senterparti vil ta det kommunale eigarskapet aktivt i bruk for å sikra at cruisenæringa utartar seg på ein måte som gagnar innbyggjarane og Eidfjord som bygd, med utgangspunkt i resultatet av tålegrenseanalysa. Det er viktig at cruisenæringa skjer i tråd med kva bygda, innbyggjarar, natur toler.



## Samferdsel

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Arbeida for å få fylkeskommunane til å bidra på eigarsida for å realisera Hardangerviddatunnelane
- Leggje press på Nye vegar for å sikre god framkome heile året på Rv. 13
- Godt og aktivt samarbeid med Statens Vegvesen for å mest mogleg tiltak i samband med stenging av Lærdalstunnelen
- Meir gang- og sykkelveg på skuleveg, viktige turvegar og der det er mykje turisttrafikk.
- Rassikring av Rv. 7 og til Simadal

God og sikker framkome er særst viktig for næringsliv og bulyst. Sterk trafikkvekst dei 10 siste åra gir oss nye moglegheiter, men dårleg framkome på vinterstid på Rv. 7 Hardangervidda og dårleg sommarframkome på Rv. 13 gir oss utfordringar i å utnytta dette potensialet.

Ansvaret for å ta vare på naturmangfaldet og villreinen må ein og ta omsyn til når ein skal utvikla eksisterande samferdsel. Hardangerviddatunnelane vil bidra til både betre vinterregularitet og betre levevilkår for villreinen.

I kommande periode vil me oppleva sterk auke i trafikk som følgje av nattestenging av Lærdalstunnelen. Me vil ha eit godt og aktivt samarbeid med Statens Vegvesen for å gjera tiltak som sikrar best mogleg trafikkavvikling i denne perioden, og slik at Rv. 7 kan vera ein føretrekt reiseveg også etter at Lærdalstunnelen er oppgradert.

Mange eidfjordingar nyttar også kollektivtilbod internt i kommunen, og me ynskjer å jobbe for at dette skal ha fleire avgangar på kveldstid.



## Oppvekst – grunnlag for framtida

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Få ein plan for oppvekstområdet på Lægreid og starta arbeidet med å få eit skulelokale for framtida
- Vidareføre redusert betaling for SFO, og sikre låg barnehagepris
- Sikra gode opningstider i barnehage og SFO året rundt
- Oppretthalde det gode tilbodet i kulturskulen, og sikre at det fortsatt er gratis.
- Støtte opp under initiativ til fritidsaktivitetar for barn og unge
- Fleire kommunale lærlingeplassar
- Gjenoppretting av Ung i arbeid

Lægreid barne- og ungdomsskule er over 50 år gammal, og er staden der borna skal leggje grunnsteinen i læringsløpet sitt. Difor er det viktig at omgivnadane er gode, slik at elevane får dei beste føresetnadane for læring.

Fleksibilitet i tenestene er viktig for å sikre at tilbodet treff den enkelte familie. Difor meiner me at opningstidene i barnehage og SFO må vere vide, slik at det gir eit best mogleg grunnlag for å balansere familie- og arbeidsliv.

Å få kompetent personell til helse- og oppveksttenestene vil verta krevjande i framtida. Me ynskjer at dei som tek fagutdanningar her skal ha betre moglegheiter for å prøva ut yrka gjennom sommarjobbar og fleire lærlingeplassar i fagutdanningane.

Kulturell aktivitet er viktig, både for å sikra gode oppvekstvilkår for barn og unge, og som del av det lokale folkehelsearbeidet for innbyggjarane i alle aldrar. Difor ynskjer me å oppretthalde satsinga på gratis kulturskule, og vidareutvikle tilbodet, samt nytt styrke- og spinningrom i idrettshallen.



## Helse og omsorg – tryggleik, omsyn og gode liv

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Starta arbeidet med å etablera nytt helsehus i området rundt Eidfjord Bygdaheim.
- Sikre vidare drift av terapibasseng.
- Arbeida for at regionen og Helse Bergen legg til rette for fleire ambulerande tenester slik at me ikkje alltid må til Bergen
- Utnytte potensialet som digitalisering gir for at eldre kan bu heime lengre, og ha kontakt med familie som bur langt borte

Gode helsetenester er viktig for at den enkelte skal leve gode og trygge liv. I dag har me dyktige tilsette som står på for å mogleggjere dette, men lokala til ambulanse, legetenester og fysioterapi byrjar å bli modne for oppgradering. Me ynskjer difor å starte arbeidet med å etablera eit nytt helsehus. Me meiner det er fornuftig å samla helseressursane i kommunen i tilknytning til Eidfjord Bygdaheim. Slik vil me betre møte utfordringar innan helse i framtida, og få på plass eit samla fagmiljø. I dette arbeidet vil me arbeide for ein langsiktig avtale med Helse Bergen for å sikre ambulansestasjonen i kommunen.

## Kulturliv, lag og organisasjonar – trivsel og bulyst

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Støtta lokalt kulturliv
- Gode rammevilkår og tilgang på tenlege lokale for frivilligheita i kommunen

Den lokale frivilligheita er ein av bærebjelkane i lokalsamfunnet, og eldsjelene spelar ei viktig rolle for å skape trivsel og bulyst i kommunen. Difor ynskjer me å vere ein lagspelar for desse, og støtte opp om gode tiltak i kommunen som skapar aktivitet, slik at eldsjelene kan fokusere på det dei gjer best. Det er viktig med eit variert tilbod for å famne om interessene til den enkelte, og dette sikrar me best gjennom å leggje til rette for at aktivitet kan finne stad.

Me ynskjer at kommunen skal vere ein lagspelar i møte med lag og organisasjonar, og ein av dei beste måtane kommunen kan gjere dette er å stille eigna lokale til disposisjon.



## Miljø, friluftsliv, jakt og fiske

Hovudpunkt for Eidfjord Senterparti dei fire komande åra:

- Ivareta lokale rettigheter og interesser for Hardangervidda Nasjonalpark.
- Berre vurderer landbasert og eller lukka oppdrettsanlegg i sjø for Hardangerfjorden.
- Vidareutvikle sti- og løypenett i Sysendalen
- Vidareføre den lokale enøk-ordninga
- Framleis skotpremie på raudrev og mink
- Me ynskjer å ha fokus på vern gjennom bruk, og arbeida for at kommunen skal kunna stå fram som ein grønare reiselivsdestinasjon med landstrøm for cruisebåtar og ladepunkt for store elektriske køyretøy.

Hardangervidda er ein unik ressurs for rekreasjon som mange eidfjordingar har stor glede av. Dei lokale brukarane av Hardangervidda er i mindretal, men det blir feil at me skal få dei største avgrensningane og restriksjonane i bruk. Difor er det viktig at me vernar rundt våre lokale interesser, slik at me kan bruke området respektfullt på eigne premiss.

Eidfjord Senterparti ynskjer å ha involvert og engasjert personell lokalt for å ivareta lokale interesser i dei mange pågåande prosjekta kring Hardangervidda. Det er fleire prosjekt som går samtidig rundt områda ferdsel, transport og bruk av Hardangervidda. I tillegg til dette er det fleire prosjekt rundt reinsdyr (CWD og tiltaksplan for villreinen). Her er det viktig å være aktive deltakarar for å ivareta lokale rettar og moglegheiter for styring.

Me ynskjer å leggje til rette for å rekruttera nye jegarar, fiskarar og brukarar av lokale moglegheiter og ressursar i naturen.

Eidfjord Senterparti meiner at ein av dei viktigaste tiltaka me kan gjere for å skjerme villreinen er å leggja til rette for at meir av aktiviteten i fjellet kan finne stad i Sysendalen. Dette vil me gjere gjennom å vidareutvikla sti- og løypenettet, og leggja til rette for private initiativ som skapar nye aktivitetar i Sysendalen. Me ynskjer også å setja fokus på attgroing, og gå igjennom det kommunale tilskotsregelverket på dette og arbeida for nye tiltak som kan ta vare på kulturlandskapet.

Villfisk og god kultivering er viktig for Eidfjord senterparti i sjø og ferskvatn.

Tradisjonelle oppdrettsanlegg er me i mot i Eidfjord, og me er skeptisk til lukka anlegg. Me vil seie nei i saker dersom dette påverkar villfisk negativt.

## Samarbeid

Eidfjord kommune klarar seg godt som sjølvstendig kommune. Der det er formålstenleg skal me samarbeida om tenester. Regionsenteret for mange av oss er Voss. Me vil arbeida for meir politisk samarbeid med Voss herad, etter at dei meldte seg ut av Hardangerrådet.

## Kari Lægreid

Kari Lægreid (33) er ny ordførarkandidat for Eidfjord Senterparti. Adjunkt med opprykk, lærar ved Voss ungdomsskule dei siste 8 åra. Gift og har tre ungar. Medlem Eidfjord kommunestyre og kontrollutvalet frå 2019-2023.



Det viktigaste for meg er å kunne bidra til å gjera Eidfjord kommune til ein god og trygg plass å bu. Eg ynskjer å bidra til å auka busetnaden, samstundes meiner eg det er viktig at me har stort fokus på å ta vare på dei innbyggjarane me allereie har. Gode opplevingar i oppveksten vil gjera dei neste generasjonane godt rusta for det dei vil møte i framtida. Med dette i tankane meiner eg me må ha tilrettelagde møteplassar for barn og ungdom, og samstundes gjera det attraktivt for dei å flytta heim att til bygda. Eg håper å få bidra til ei utvikling av Eidfjord kommune, og eg er klar for å ta fatt på oppgåva som ordførar. I møte med oppgåva ynskjer eg å lytte til innbyggjarane, og dei som har skoen på og kjenner kor den trykkjer.

Me har ei variert liste med representantar frå heile kommunen. Lista inneheld både etablerte, og nye kandidatar. Dei representerer ulike yrkesgrupper, og har god spreing i alder og interesser.

## Eidfjord Senterparti si liste ved kommunevalet:

- |     |                        |               |
|-----|------------------------|---------------|
| 1.  | KARI LÆGREID           | Eidfjord      |
| 2.  | Lars Kristian Eidnes   | Eidfjord      |
| 3.  | Solveig Liseth Vik     | Eidfjord      |
| 4.  | Bernt Hagtor Augestad  | Øvre Eidfjord |
| 5.  | Tone Lægreid Garen     | Eidfjord      |
| 6.  | Håvard Sæbø            | Øvre Eidfjord |
| 7.  | Irene Gautestad Bu     | Bu            |
| 8.  | Elsa Maria Garatun     | Øvre Eidfjord |
| 9.  | Svein Arne Tyssebotn   | Øvre Eidfjord |
| 10. | Susann Hotle           | Eidfjord      |
| 11. | Yngve Lægreid          | Eidfjord      |
| 12. | Tom Karsten Garen      | Vøringsfoss   |
| 13. | Lars Runar Bu          | Bu            |
| 14. | Kristine Skjerven      | Øvre Eidfjord |
| 15. | Erling Ljone           | Øvre Eidfjord |
| 16. | Helge Halvdan Stavanæs | Eidfjord      |
| 17. | Harald Myklatun        | Øvre Eidfjord |
| 18. | Geir Olmod Sæbø        | Øvre Eidfjord |
| 19. | Oddbjørn Sæbø          | Øvre Eidfjord |
| 20. | Leiv Henry Sæbø        | Øvre Eidfjord |
| 21. | Marie Tveit            | Eidfjord      |
| 22. | Liv Myklatun           | Øvre Eidfjord |
| 23. | Anders Vatle           | Eidfjord      |

